

Kartlegging av utbyggingsplanar - Nynorskhuset i Førde

Kortfatta presentasjon av prosjektet

Sogn og Fjordane Teater vart av NRK Sogn og Fjordane og Avisa Firda, invitert til å delta i prosjektet Nynorskhuset våren 2017. Som eitt av tre nynorskteater er Sogn og Fjordane Teater i særstilling når det gjeld å bruke nynorsk og vestnorsk målføre som scenespråk. Etter vedtaket om å slå saman Sogn og Fjordane og Hordaland ønskjer vi å vere eit produserande og turnerande teater, for heile den nye regionen. For å nå målet om å bli Vestland sitt turneteater må forholda for vekst leggast til rette. Eit nytt hus ville vere det optimale. Såleis var det naturleg for teateret å arbeide vidare saman med prosjektgruppa med ønske om å etablere Nynorskhuset i Førde.

Visjonen er at «Nynorskhuset i Førde skal bli eit nasjonalt kraftsentrum for norsk språk og kultur. Sogn og Fjordane og Hordaland er det nynorske grunnfjellet. Ved samlokalisering av ei rekkje kultur- og medieaktørar, vil vi utvikle ei motvekt til forvitring av det nynorske språket».

Ved å samle NRK, Firda og Sogn og Fjordane Teater i eit kombinert medie- og teaterhus i Førde har Nynorskhuset ved oppstart over 100 arbeidsplassar, og blir den største nynorskklynga i landet. Andre potensielle leigetakrar i huset er Selja forlag, Rom for ord, Rakkar, Rein Design og Fin driv. Det kombinerte medie- og teaterhuset blir det første av sitt slag i landet og eit fyrtårn for nynorsken. Det norske språket generelt og nynorsken spesielt er under press. Meir nynorsk i media, større merksemd om den nynorske litteraturen og eit styrka nynorskteater kan bli ei viktig motvekt til denne utviklinga.

Ambisjonen i Førde er eit klyngemiljø av kultur- og mediebedrifter som kan løfte det norske språket og vere ei innovativ kraft for aktørane.

Kva behov skal prosjektet bidra til å dekke?

Det er viktig for oss å legge til grunn at ideen bak og styrken til planane om Nynorskhuset er eit felles mål om å styrke alle aktørane i bygget. Vi har tru på vårt felles prosjekt om å skape ei klynge med utviklingspotensiale, med språket som fellesnemnar. Dette er avgjerande for at vi vel å arbeide for å flytte inn i Nynorskhuset.

Sogn og Fjordane Teater ønskjer å bli nye Vestland fylke sitt turneteater. Det vil bety eit turneområde som er større, både i areal og innbyggjartal. Tilhøva må leggast til rette om vi skal lukkast med det. Skal vi oppretthalde dagens produksjonsnivå etter 2020, må vi ha fleire tilsette i alle avdelingane. Det vil òg kreve fleire tilsette når turneane vert meir omfattande.

Teateret er allereie på veg til å vekse ut av lokala i Førdehuset. Eit nytt hus vil vere den beste løysinga. Dersom det ikkje let seg gjennomføre, må lokala vi bruker i dag leggjast til rette og utvidast i samsvar med vekst og utvikling. Det mest sentrale vi har behov for er:

- Betre teatersal og scene med tilstrekkeleg sidescener. Salen er ikkje i harmoni med sjølvé sceneområdet. Enkelte sete kan ikkje nyttast av publikum pga. siktlinjene. Balkongen i teatersalen kan ikkje nyttast pga. for dårlige siktforhold.
- Skodespelarfoajé der skodespelarane kan førebu seg til framsyning og prøve.
- «Blackbox»/prøvesal til prøver og framsyningar.
- Fleire kontorplassar i administrasjon og teknisk avdeling.
- Garderobar til teknisk avdeling.
- Lydisolering mellom vrimleområde og teatersal.
- Betre publikumsareal knytt til teatersalen. Vi deler publikumsområde med idrettshallar, kino og bibliotek. Det er mykje trafikk, spesielt til idrettsanlegga, som gjer området lite eigna for eit teaterpublikum.

Vi er lite synlege i Førdehuset og vi tykkjer ikkje vi har godt nok tilbod til publikum før og etter framsyningane. Vi ønsker at publikum skal komme inn i eit hus der forventningane før, og refleksjonen etter ei framsyning, er ein naturleg del av teateropplevinga.

Vi er eit turneteater for heile regionen, men det er viktig å ha gode lokale for publikum i vertskommunen. Vi må bli meir synleg i Førde. Slik blir vi ein del av byen og slik blir vi meir synlege for innbyggjarane.

Førebels kostnad/finansiering av prosjektet.

Sunnfjord Utvikling har gitt tilskot til arbeidet med å greie ut prosjektet om Nynorskhuset. I tillegg bidreg aktørane med midlar frå eigen organisasjon.

Teateret leiger lokale i Førdehuset hos Førde kommune. Vi vil halde fram med å leige lokale, men hos ein privat aktør som byggjer og eig Nynorskhuset. Sju private utbyggjarar har så langt sagt seg interesserte i å bygge og leige ut lokale. Vi ventar høgare husleige i eit meir moderne teaterbygg. For å klare å oppretthalde produksjons- og turneverksemd, er vi avhengig av at den auka husleiga vert dekt inn med auka tilskot. Dei aktuelle leidgetakarane utformar no areal- og funksjonsplan. Desse skal ligge til grunn for tilbydarane si utrekning av kva husleigekostnadar dei ulike aktørane kan vente seg i nytt hus. Vi vonar tilskotsytarane våre, stat, fylke og kommune, vil vere med på å finansierer eit sterkt regionteater i Førde.

Kva konsekvensar vil realisering av prosjektet ha for drifta av institusjonen?

Vi vil vere betre rusta til å utvikle eit sterkt turneteater i nytt fylke. Vår kompetanse og erfaring som turneteater gjer oss i stand til å turnere ein større region utan å bruke mykje tid på omstilling og utvikling. Vi har allereie erfaring frå turnear i Hordaland og Rogaland. For å vere i stand til å nå målet vil vi peike på tre faktorar som er avgjerande for å lukkast: tilstrekkeleg og funksjonelt areal, midlar til vekst og kvalifisert arbeidskraft.

Eit nytt flott hus, med nye lokalitetar vil gje oss eit unikt høve til å utvikle teateret på alle plan, til det beste for publikum. Eit tilrettelagt bygg med gode fasilitetar, også for den gode samtalens, vil få fleire til å oppsøkje teateret. Men, vi må understreke at eit nytt hus i seg sjølv ikkje skapar teaterkunst. Difor må vi vite at det finst vilje til å sikre stabil økonomi til å drifte huset. Det må ligge føreseielege rammer til grunn for drifta. Vi må kunne oppretthalde dagens aktivitet og målet må vere å utvide den.

Å vere ein del av Nynorskhuset i Førde vil gjere oss til ein meir attraktiv arbeidsplass. Det å tiltrekke og rekruttere sterke kunstnariske krefter er svært viktig for drifta av teateret. Eit aktivt og ressurssterkt teater er utviklande og spennande for kunstnarar. Ein sterk kunstnarisk leiar er avgjerande for utviklinga av teateret og for tilbodet til publikum. Det er teatersjefen som stakar ut kurset for det som blir til underhaldande og aktuell scenekunst.

Eit sterkt regionteater vil vere essensielt i arbeidet med å bygge ein felles kultur i det nye fylket. Eit levande, aktivt og profesjonelt teater i Førde er av stor verdi for byen, for bygdene rundt, og for heile regionen. Kunstnarar gir mykje tilbake til samfunnet dei bur i, både profesjonelt og gjennom frivillig arbeid. Det å ha tilgang til interessante arbeidsplassar vil gjere det mogleg for fleire kunstnarar å bu og arbeide i regionen. Det vil gjere fylket til ein betre stad å bu.

Kva tidsplan er lagt for realiseringa av prosjektet?

Vi held oss til den planen som prosjektgruppa i Nynorskhuset har lagt fram om framdrift i prosjektet.

2018: - Avgjerd i styret

- Handsaming hos eigarane
- Utforme areal- og funksjonsplan
- Få tilbod hos tilbydarar
- Velje utbyggar

2019: - Drøftingar og planarbeid med utbyggar

2022: - Innflytting

Kva forventningar har institusjonen til fylkeskommunal medverknad?

Det vil krevje politisk vilje å prioritere eit veksande regionteater. Å drive teater, spesielt turneteater, er kostnadskrevjande. For å verte turneteater for heile Vestland må vi ha auka midlar og føreseielege rammer for langtidsplanlegging gjennom øyremerking av midlar.

Det vil kunne sikre eit aktivt scenekunstmiljø og eit sterkt regionteater i fylket.

Frå Sogn og Fjordane Teater

Rasmus Mo

Styreleiar

Bodil Kvamme

Teatersjef